



Tilbod om gratis deltaking i jamnleg organisert aktivitet for barn og unge under 18 år!

FRITIDSERKLÆRINGA:

Fritidserklæringa vart signert av Statsministeren, fleire statsråder, KS, Norges Idrettsforbund m.fl. i 2016. Denne seier at alle barn og unge skal få sjansen til å delta på fritidsaktivitet uavhengig av foreldre sin sosiale eller økonomiske situasjon.

For å lukkast med arbeidet må vi alle gjere ein innsats, både tilsette i kommunen og frivillige lag og organisasjonar. Difor må vi samarbeide om å gje god og tilpassa informasjon til barn, ungdom og føresette som står utanfor dei organiserte fritidstilboda. Flora kommune v/Flora Frivilligsentral har fått tildelt økonomiske midlar frå Flora bystyre som gjer til at vi kan støtte barn og unge med å vere med på jamnleg organisert aktivitet i lag og organisasjonar.

Kjenner du eit barn eller ein ungdom som kan trenge eit kjekt fritidstilbod som til dømes syngje i kor, delta i idrett, på Speidaren, i Kulturskulen, i korps, drillen eller motorsport osv? Ta kontakt med oss! Vårt mål er at alle skal få eit tilbod på fritida si.

Flora Frivilligsentral:

Siri Stavang, Frivilligkoordinator, 45877783/siri.stavang@flora.kommune.no (tysdag-torsdag kl. 0815-1430)
Bente Nilsen, Dagleg leiar, 90222692,/bente.nilsen@flora.kommune.no (mån-fre kl. 0800-1530)

Få informasjon og følg oss på facebook: <https://www.facebook.com/florafrivilligsentral/>



Flora kommune



Møte mellom menneske